

3 rustne herrer med Taubekveld på torsdag

21.03.2016



NASJONALSKALDEN I AKSJON

Hans Gustav Mussland, Reidar Myklebust og Kristian Bringedal kallar seg sjølve 3 runstne herrer. Men dei er ikkje meir rustne enn at dei torsdag klokka 20 vil stilla opp og avvikla ein gedigen Taubekveld med 12 nummer, og inviterer til allsong. Mellom songane vil dei servera bakgrunnsstoff som fortel meir om songane, til dømes den fascinerande historia om Fritjof og Carmencita. Det heile går føre seg i Oska.



Dei 3 rustne i aksjon

Sverige har hatt mange store trubadurar og det er ikkje lett å sette opp ei rangliste. Men vi vågar å spå at ei slik liste vil ha nasjonal-skald Evert Taube på topp.

Evert Axel Taube fødd 1890 og død 1976, var født i Göteborg, men vaks opp i skjærgården, nærmere bestemt på Vinga. Gjennom livet vart han sterkt engasjert av Argentina, men utvikla seg til å verta den truleg mest folkekjære visekompositøren landet hans har hatt. Ikkje minst vart folket sterkt engasjerte av Fridtjof Anderson og Rønnerdal som gjennomgangsfigurar.

Dei rustne herrene fortel at det vil verta servert både eldre og nyare viser.

Tekst, foto og nett. Ola Matti Mathisen.